



Arkivsak: 18/5  
Journalpost: 18/250  
Saksbehandlar: Bente Glomset Vikhagen  
Dato: 26.04.2018

## Saksframlegg

# Overordna prinsipp for administrativ organisering i nye Ålesund kommune

Saksnummer:	Utval:	Dato:
009/18	Partssamansett utval nye Ålesund	02.05.2018
012/18	Arbeidsutval nye Ålesund	02.05.2018
017/18	Fellesnemnd nye Ålesund	09.05.2018

### 017/18 - Fellesnemnd nye Ålesund - Vedtak:

Fellesnemnda for nye Ålesund vedtek følgjande:

1. Prinsipp for innbyggjar og brukarretting og samhandling på tvers slik dei går fram av saksframlegget.
2. Prinsipp for leiing, organisering og styring av den administrative organisasjonen slik det går fram av saksframlegget.
3. Inndeling i følgjande 6 kommunalområde med oppgåveportefølje slik det kjem fram i saka (namn på områda kan bli noko justert):
  - a. Kommunalområde 1: Helse og omsorg
  - b. Kommunalområde 2: Velferd og sysselsetting
  - c. Kommunalområde 3: Opplæring
  - d. Kommunalområde 4: Barn, familie og integrering
  - e. Kommunalområde 5: Kultur og medborgarskap
  - f. Kommunalområde 6: Tekniske teneste
4. Dersom vidare arbeid med organisasjonsmodell i fase 2 syner behov for justeringar av oppgåveporteføljen mellom kommunalområda, får prosjektleiar mynde til å gjere tilpassingar.

### Behandling:

Tilrådinga frå arbeidsutvalet (AU) vart samrøystes vedteke.

### 012/18 - Arbeidsutval nye Ålesund - Vedtak:

Tilråding frå arbeidsutvalet (AU):

Fellesnemnda for nye Ålesund vedtek følgjande:

1. Prinsipp for innbyggjar og brukarretting og samhandling på tvers slik dei går fram av saksframlegget.
2. Prinsipp for leiing, organisering og styring av den administrative organisasjonen slik det går fram av saksframlegget.
3. Inndeling i følgjande 6 kommunalområde med oppgåveportefølje slik det kjem fram i

saka (namn på områda kan bli noko justert):

- a. Kommunalområde 1: Helse og omsorg
- b. Kommunalområde 2: Velferd og sysselsetting
- c. Kommunalområde 3: Opplæring
- d. Kommunalområde 4: Barn, familie og integrering
- e. Kommunalområde 5: Kultur og medborgarskap
- f. Kommunalområde 6: Tekniske teneste

4. Dersom vidare arbeid med organisasjonsmodell i fase 2 syner behov for justeringar av oppgåveporteføljen mellom kommunalområda, får prosjektleiar mynde til å gjere tilpassingar.

#### **Behandling:**

Framlegget frå prosjektleiar med tilrådinga frå partsamansett utval (PSU) vart samrøystes tilrådd.

#### **009/18 - Partssamansett utval nye Ålesund - Vedtak:**

Tilråding frå partsamansett utval (PSU):

Fellesnemnda for nye Ålesund vedtek følgjande:

1. Prinsipp for innbyggjar og brukarretting og samhandling på tvers slik dei går fram av saksframlegget.
2. Prinsipp for leiing, organisering og styring av den administrative organisasjonen slik det går fram av saksframlegget.
3. Inndeling i følgjande 6 kommunalområde med oppgåveportefølje slik det kjem fram i saka (namn på områda kan bli noko justert):
  - a. Kommunalområde 1: Helse og omsorg
  - b. Kommunalområde 2: Velferd og sysselsetting
  - c. Kommunalområde 3: Opplæring
  - d. Kommunalområde 4: Barn, familie og integrering
  - e. Kommunalområde 5: Kultur og medborgarskap
  - f. Kommunalområde 6: Tekniske teneste
4. Dersom vidare arbeid med organisasjonsmodell i fase 2 syner behov for justeringar av oppgåveporteføljen mellom kommunalområda, får prosjektleiar mynde til å gjere tilpassingar.

#### **Behandling:**

*Merknad til møtereferat frå drøftingsmøte 24.04.18 vedlagt saka var utsendt til medlemmene pr. e-post før møtet.*

Framlegget frå prosjektleiar vart samrøystes tilrådd.

#### **Framlegg frå prosjektleiar:**

Fellesnemnda for nye Ålesund vedtek følgjande:

1. Prinsipp for innbyggjar og brukarretting og samhandling på tvers slik dei går fram av saksframlegget.
2. Prinsipp for leiing, organisering og styring av den administrative organisasjonen slik det går fram av saksframlegget.

3. Inndeling i følgjande 6 kommunalområde med oppgåveportefølje slik det kjem fram i saka (namn på områda kan bli noko justert):

- a. Kommunalområde 1: Helse og omsorg
- b. Kommunalområde 2: Velferd og sysselsetting
- c. Kommunalområde 3: Opplæring
- d. Kommunalområde 4: Barn, familie og integrering
- e. Kommunalområde 5: Kultur og medborgarskap
- f. Kommunalområde 6: Tekniske teneste

4. Dersom vidare arbeid med organisasjonsmodell i fase 2 syner behov for justeringar av oppgåveporteføljen mellom kommunalområda, får prosjektleiar mynde til å gjere tilpassingar.

---

### **Saksutgreiing:**

Kommunereforma gir oss eit unik høve til å tenke nytt og forme alt frå grunnen av når vi skal bygge administrativ struktur for den nye kommunen. For å forme organiseringa for framtida i den nye kommunen, har prosjektleiar lagt opp følgjande løp:

- Fase 1: Kartlegging gjekk føre seg sept. 2017 - jan. 2018.
- Fase 2: Overordna struktur føregår no (feb. - mai 2018) og vert avslutta med vedtak i fellesnemnda 9. mai 2018
- Fase 3: Organisering på einingsnivå startar hausten 2018.

### **Intensjonsavtalen ligg til grunn:**

Viktige element i intensjonsavtalen skal finnast att i organisasjonsstrukturen. Avtalen gir fleire føringar for val av struktur som ligg til grunn i arbeidet med organiseringa av den nye kommunen. Intensjonsavtalen slår fast at vi skal bygge ein heilt ny kommune på framtidas modellar for arbeidsdeling og samhandling. Oppsummert kan ein seie at administrativ organisering av nye Ålesund skal ivareta, styrke og fremme:

- Innbyggarfokus: Organiseringa skal sette brukaren i sentrum/ha innbyggarfokus. Denne høyringa foreslår eit styringsnivå for tenesteyting (verksemdsnivået) som tydeleg skal ivareta innbyggjar/brukarfokuset.
- Samhandling: Organiseringa skal fremme tverrfagleg og nettverksbasert samhandling og samskaping internt mellom sektorar og fagprofesjonar, og eksternt mellom kommunen og innbyggjarar, frivilligheit, næringsliv og akademia. Denne høyringa foreslår eit styringsnivå for leiing og koordinering på rådmannsnivået som skal ivareta samhandling på tvers. Høyringa foreslår også eigne prinsipp for dette utover det som handlar om organisasjonsstruktur.
- Sterk og robust organisasjon: Organiseringa skal ivareta tydelege ansvarsforhold og oversiktleg organisasjon.
- Fornying og teknologi: Organiseringa skal fremme innovasjon og utvikling, nye arbeidsformer, metodisk og systematisk bruk av ny teknologi, digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene (digitalt førsteval).

- Effektivisering: Organiseringa skal gi gevinstar gjennom å arbeide meir effektivt, og det vi sparer her skal gå til å auke kvantiteten og kvaliteten i tenestene.
- Kvalitet og likebehandling i tenestene: Organiseringa skal fremme kvalitet i oppgåvene, tenestene, likebehandling og likt tilbod i heile kommunen.
- Forvaltningsskikk: Organiseringa skal ivareta god forvaltningsskikk, forsvarleg sakshandsaming og rettstryggleik.

Alle fagområde, uavhengig av organisering, skal gjennomgåande ha særleg fokus på:

- Innbyggarar og brukarretting
- Tilrettelegging for samhandling på tvers både internt og eksternt
- Innovasjon, nytenking og digitalisering

### **Administrativ og politisk struktur – parallelle prosessar**

Parallelt med etablering av administrativ struktur, føregår det ein prosess for etablering av politisk styringsstruktur i den nye kommunen (politiske hovudkomitear og kommunedelsutval). Det er viktig at nye Ålesund får ei god samordning mellom politikk og organisasjon. Målet med den administrative strukturen er å tene den politiske organiseringa. Dette betyr ikkje at politisk og administrativ organisering nødvendigvis må spegle kvarande. Vi treng difor ikkje vente til den politiske organiseringa er avgjort før vi vedtar overordna administrativ struktur.

### **Organisasjonsstruktur versus organisasjonsutvikling**

Organisasjonsstrukturen legg rammer for den nye drifta. I tillegg til ny organisasjonsstruktur må det også leggest stor vekt på å utvikle kompetanse og leiarskap som er i stand til å leie den nye organisasjonen i samsvar med mål og intensjonar. Først må vi få på plass nokre vertikale og horisontale stolpar i eit organisasjonskart.

### **Første fase: Kartlegginga er gjennomført**

Det er utarbeidd ei grundig [kartlegging](#) av administrativ organisasjonsstruktur i dei fem kommunane som inngår i nye Ålesund. Rapporten går også kort inn på organisasjonskartet til tolv andre samanliknbare kommunar. Det blir gjort greie for ulike organisatoriske val ein må ta stilling til (organisasjonsteori) og vurdert fordelar og ulemper ved ulike teoretiske modellar.

### **Tidlegare innspel**

I forkant av høyringa (5. mars 2018), samla prosjektleiar ei gruppe samansett av leiarar i dei fem kommunane, 14 hovudtillitsvalde og 5 hovudverneombod, for innspel på dette temaet. Prosjektleiar fekk gode innspel på kva overordna prinsipp som bør gjelde for den administrative organiseringa av nye Ålesund kommune, men også korleis vi skal arbeide vidare med brukarretting, samhandling på tvers og leiing.

### **Framdriftsplan for andre fase om overordna prinsipp**

Fasen vi no er inne i skal få på plass overordna prinsipp for organiseringa. Dette handlar om inndeling av kommunal- og stabsområde, prinsipp for leiing og leiarstruktur, prinsipp for ansvar og mynde med vidare. Det handlar også om kva vi må ta omsyn til i organiseringa for å ivareta brukarfokuset og samhandling på tvers.

Framdriftsplanen for denne fasen har vore slik:

- Høyingsperiode 19. mars – 12. april 2018:
- 17. april 2018: Prosjektleiari utformar endeleg innstilling etter at rådmannsgruppa har gått gjennom høyringsuttalene.
- 24. april 2018: Drøftingsmøte med dei tillitsvalde i dei fem kommunane. ( referat ligg ved)
- 2. mai 2018: Forslaget til overordna administrativ blir lagt fram for PSU og AU
- 9. mai 2018: Endeleg vedtak i fellesnemnda
- Mai – tidleg haust 2018: Innplassering av leiarar på øvste nivå

### **Kven har blitt høyrte?**

Forslaget vart sendt på høyring i dei fem kommuneorganisasjonane, hovudsamanslutningane og vernetenesta. Det vart også lagt ut på internettsidene, slik at også eksterne får høve til å kome med innspel om ein ønskjer det.

Tredje fase: Organisering av tenestenivået og andre vurderingar

Etter vedtak om den overordna administrative modellen, vil arbeidet med å innplassere leiarar på høgste nivå starte. Når den øvste leiinga er innplassert, startar arbeidet med dei mange store og små spørsmåla om korleis dei ulike tenesteområda konkret skal organiserast. Vi vil kome tilbake med ny framdriftsplan for tredje fase.

Fase to er avgrensa til overordna strukturar og prinsipp. Det er desse som no skal drøftast med tillitsvalde.

Tilsette får høve til å kome med andre innspel i seinare fase:

- Konkret inndeling i einingar innanfor kvart kommunal- og stabsområde skjer i tredje fase.
- I høyringsnotatet er det forslag til oppgåveportefølje innan kommunal- og stabsområda, men ikkje inndeling i organisasjonseiningar. Dei tilsette vil få høve til å kome med innspel i forhold til dette i neste fase. Tredje fase vil også omhandle korleis vi skal legge til rette for godt tverrfagleg samarbeid på tenestenivå.
- Geografisk plassering av kommunal- og stabsområda blir også vurdert i ein seinare fase. Føringsane i intensjonsavtalen er omtalt i kartleggingsrapporten.
- Vurdering om bruken av kommunale føretak (KF) vil også kome i ein eigen prosess. Her er det viktig å få fram tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om kva eit KF er, og kjenne til tidlegare utgreiingar av dette.

Høyringsfristen var 12. april. Prosjektleiari har motteke 72 høyringsinnspel. Desse vart sendt ut til tillitsvalde 16. april. I etterkant av dette vart det 24. april halde drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane, jfr. Hovudavtalen del B § 1-4-1.

## Kva har blitt sendt ut på høyring?

Prosjektleiari har bedt om innspel på følgjande i denne fasen:

1. prinsipp for innbyggjar- og brukarretting og samhandling på tvers
2. Framlegg til einingsstruktur med prinsipp for organisering og styring av den administrative organisasjonen
3. Inndeling i kommunalområde og stabsområde
4. Framlegg til oppgåveportefølje for områda
5. Prinsipp for organisering av verksemdsnivået i neste fase
6. Prinsipp for utforming av leiarsstruktur
7. Vidare arbeid med godt leiarskap
8. Prinsipp for lansering og myndiggjering av leiarar
9. System for styring og oppfølging

Samla høyringsinnspel ligg ved saka

Fellesnemnda sitt mandat:

Det ligg til fellesnemnda sitt mandat å vedta overordna administrativ organisering for nye Ålesund kommune. I høyringsnotatet har ein bedt om administrative innspel på meir enn dette.

Prosjektleiari tilrår at fellesnemnda sitt vedtak vert knytt til følgjande område:

1. **Prinsipp for innbyggjar og brukarretting og samhandling på tvers**
2. **Framlegg til overordna prinsipp for leing, organisering og styring av den administrative organisasjonen**
3. **Inndeling i kommunalområde**

### Vurdering:

#### 1. Prinsipp for innbyggjar og brukarretting og samhandling på tvers

##### 1.1 Vurdering av høyringsinnspel:

Blant dei 72 instansane som har sendt høyringssvar, var det 27 som konkret hadde gitt innspel på forslaget til innbyggjar- og brukarretting på tvers. Eit fleirtal av høyringssvara handlar om å understreke viktigheita av både innbyggjar- og brukarretting og samhandling på tvers, og behovet for å arbeide vidare med dette temaet.

Nokre nyttar høvet til å framheve enkelte punkt som særleg viktige. Fleire høyringssvar tek til orde for å presisere at det skal vere digitalt førsteval som kontaktpunkt for innbyggjarane. Forslaget til prinsipp inneheldt nokre formuleringar om betydinga kommunalområda bør ha for å koordinere tverrfaglege oppgåver og utfordringar, men det vert foreslått å føye til at ein treng arenaer for samarbeid på tvers av kommunalområda. Det vert også foreslått at partnerskap, brukarinvolvering og samskaping skal setjast i system på alle nivå i organisasjonen, og at kommunen alltid skal ha brukarmedverknad på systemnivå når tenester vert etablert eller endra.

Det vert vurdert at desse innspela frå høyringssvara bør leie til ei tilføyning i prinsipp nummer 5, og at det vert lagt til tre nye prinsipp (nummer 8, 9 og 10).

## **1.2 Prosjektlear sitt framlegg:**

### Prosjektlear sitt framlegg til vedtak:

Det blir foreslått at innbyggjar- og brukarfokus av arbeidet bør skje etter følgjande prinsipp:

1. Organisasjonen bør ha ein enkel og oversiktleg struktur, og det skal vere lett å finne fram i kommunen for innbyggjarar og brukarar.
2. Ansvar og mynde skal delegerast ut i organisasjonen til leiarar nær brukarane.
3. Organisasjonen skal ha desentraliserte tenester der folk bur, og kommunen bør ha tydelege kontaktpunkt i form av t.d. innbyggjar- eller servicetorg.
4. For å skape likeverdige tenester for innbyggjarar og brukarar, skal ein arbeide etter prinsipp om organisatoriske skilje mellom forvaltning (vedtak om tildeling av tenester) og tenesteyting. Styringsnivå 1 (rådmannsnivået) har eit ansvar for å styre og følge opp verksemdsnivået, bl.a. gjennom styringsdokument, med sikte på å gi innbyggjarar og brukarar likeverdige tenester basert på politiske vedtak.
5. Det skal etablerast gode arenaer for samhandling i kommunen. Det bør t.d. etablerast jamlege leiarmøte mellom leiarar innan kvart kommunalområde, og på tvers av kommunalområda.
6. Nye Ålesund kommune skal ta i bruk nye teknologiske løysingar for å skape god samhandling på tvers.
7. Kommunalsjefane skal ha ein fagstab med organisatorisk kapasitet til å koordinere verksemdsovergripande oppgåver og utfordringar.
8. Innbyggjarane skal ha tilbod om digitalt førsteval
9. Ålesund kommune skal alltid ha brukarmedverknad på systemnivå når tenester vert etablert eller endra.
10. Partnerskap, brukarinvolvering, samskaping skal setjast i system på alle nivå i organisasjonen.

## **2. Prinsipp for organisasjonsstruktur**

### **2.1 Vurdering av høyringsinnspel:**

Mellom dei 72 instansane som har sendt høyringssvar, var det 25 som konkret hadde gitt innspel på forslaget til prinsipp for organisasjonsstrukturen.

Rådmennene med sine leiargrupper i Sandøy, Skodje, Haram og Ålesund kommune har i hovudsak ingen vesentlege forslag til endringar, men har på kvart sitt vis stilt spørsmål ved om ein kan vurdere fleire leiarnivå der det er hensiktsmessig av omsyn til storleik og styringsspen. Rådmannen med leiargruppe i Ålesund kommune gir innspel på at det kan vere eit alternativ å styrke leiarkapasiteten i store kommunalområde med ein funksjon

som assisterande kommunalsjef.

Fleire av dei andre høyringssvara gir innspel på at det er riktig å organisere kommunen i to styringsnivå, og grunngevinga er først og fremst korte styringslinjer mellom kommunalsjef og verksemdsleiar (med tydeleg og omfattande delegasjon av mynde og ansvar). Dette vil vere avgjerande i forhold til leiing, strategi og kvalitet i førstelinja. Fleire er likevel bekymra for at organisasjonen kan verte for stor for ei slik organisering, og særleg er ein bekymra for leiings- og styringsspennet i dei største kommunalområda. Fleire gir innspel på moglegheita for å ha ledd under kommunalsjef innafor kvart kommunalområde. Nokre er også bekymra for at einingane /verksemdene på styringsnivå 2 kan bli «einingsegoistiske» dersom kommunen i for stor grad fokuserer på måling av resultat etter mål satt opp på førehand, og ikkje legg vekt på prosess og læring. Fleire viser til den føregåande kartleggingsrapporten, og utgreiingane om fordelar og ulemper ved dagens organisering.

Det vert vurdert at det er mogleg å organisere nye Ålesund kommune med to formelle styringsnivå, og at dette er ønskjeleg ut frå omsynet til korte avstandar mellom kommunalsjef og verksemdsleiar. Det vert likevel vurdert at leiings- og styringsspennet vil vere stort, i alle fall i dei største kommunalområda. Det er fullt mogleg å seie at ein har to formelle styringsnivå, men samtidig styrke leiarkapasiteten i kommunalområda der det er naudsynt av omsyn til storleik og leiarspenn. Det vert vurdert at assisterande kommunalsjefar er mest aktuelt, og at fagsjefar, etatssjefar, sektorsjefar og liknande ikkje er like hensiktsmessig. Dette ut frå ei vurdering av at ein i størst mogleg grad vil organisere for samhandling på tvers, samt unngå sterke skott og faglege revir innan kommunalområda.

Det vert vurdert at desse innspela frå høyringssvara bør leie til ei tilføyning i prinsipp nummer 1, kor ein strekar under kva styringsnivåa skal utgjere.

## **2.2 Prosjekteiar sitt framlegg**

### Prosjekteiar sitt framlegg til vedtak :

Det blir foreslått at organisasjonsstrukturen blir utforma etter følgjande prinsipp:

1. Nye Ålesund kommune skal organiserast med to styringsnivå (organisasjons- og fullmaktsnivå), det vil seie rådmannsnivået og einingsnivået. Rådmannen og kommunalsjefar utgjer styringsnivå 1. Einings-/verksemdsnivå utgjer styringsnivå 2.
2. Det skal vere eit klart og tydeleg skilje mellom linjeorganisasjon og stabsteneste, og organisasjonen skal ha ei klar fordeling av oppgåver og tydelege ansvarlinjer.
3. Det skal leggest til rette for samarbeid på tvers i ein hierarkisk modell.
4. Einings-/verksemdsstrukturen skal vere klar og tydeleg, og den skal vere så oversiktleg og gjenkjenneleg som mogleg. Dette tyder at kommunalområda som hovudregel bør vere inndelt etter fag og tenesteområde, at ein som hovudregel har same type organisatoriske einingar på alle område i kommunen. Vi skal nytte dei mest vanlege og gjenkjennelege nemningane på slike einingar.



### 3. Kommunalområde og stabsområde

#### 3.1 Vurdering av høyringsinnspel:

Blant dei 72 instansane som har sendt høyringssvar, var det 37 som konkret hadde gitt innspel på forslaget til inndeling i kommunalområde og stabsområde. Vidare var det 104 konkrete svar på dei seks kommunalområda og 75 på dei fem spørsmåla om stabane. Til saman vart dette 216 svar på konkrete spørsmål.

**Inndeling i kommunalområde og stabsområde:** Eit fleirtal av høyringssvara inneheld forslag til ei anna inndeling av kommunal- og/eller stabsområda. Innspela varierer mellom 4 og 7 kommunalområder, og det er fleire ulike innspel på oppgåveportefølje. Fleire peikar på at det er stor forskjell i storleik på dei seks kommunalområda i høyringsnotatet. Innspela varierer også mellom 1 og 8 stabsområde, og nokre av høyringssvara tek til orde for at ein assisterande rådmann kan fylle rolla som øvste leiar for stabane. Nokre etterlyser at enkelte oppgåver ikkje er nemnt i høyringsnotatet, og peikar på viktigheita av desse oppgåvene.

**Prosjektleiar tilrår at** nye Ålesund kommune kan organiserast med seks kommunalområde, og konkret vurdering og forslag vert gitt nedanfor. Det vert vidare vurdert at nye Ålesund kommune kan organiserast med fire stabsområde og nokre frittståande stabar. Det vert også presisert at dette er eit forslag til overordna inndeling i kommunalområde og stabsområde, og at mange store og små spørsmål knytt til oppgåveportefølja skal detaljerast i neste fase av arbeidet.

**Kommunalområde 1:** Eit fleirtal av høyringssvara peikar på at dette vert eit veldig stort kommunalområde, og fleire gir innspel på å dele det. Dei fleste forslår å dele det i to område. Innspela på deling varierer. Det er fleire som forslår ei deling i eit område for «helse» og eit område for «velferd». Andre innspel går på område for «omsorg», «sosiale tenester», «arbeid, inkludering og næringsutvikling», «førebyggjande og behandlande helsetenester» og «bu- og miljøtenester». Det er også innspel på at eit tildelingskontor må få ei hensiktsmessig organisatorisk plassering.

**Prosjektleiar tilrår at** dette kommunalområdet vert delt i to. Dette vil gi ein meir hensiktsmessig storleik, og det vert vurdert å vere viktig, men det er ikkje utan vidare lett å identifisere den optimale måten å skilje området på. Det vert vurdert at den mest hensiktsmessige måten å dele området i to, er å dele det i eit kommunalområde for «helse og omsorg», og eit for «velferd og sysselsetting». Eventuell plasseringa av tildelingskontor i eitt av desse to kommunalområda vil vi kome tilbake til i neste fase. Det same gjeld andre mindre område, som td dagsenter for demente.

**Kommunalområde 2:** Eit stort fleirtal av dei som har gitt høyringssvar på dette spørsmålet, gir innspel på at barnehage bør vere organisert i same kommunalområde som skule. Nokre få gir innspel på at dei kan vere i forskjellige område, og grunngjevinga er i første rekkje at området kan verte for stort. Mange gir også innspel på at PPT bør ligge i same kommunalområde som skule, blant anna leiarane for PPT og dei av tilsette sine organisasjonar som har kommentert dette. Innspela på organisatorisk plassering av kulturskulen varierer, nokre meiner det kan vere saman med skule og andre meiner det høyrer saman med kultur og medborgarskap.

**Prosjektleiar tilrår at** nye Ålesund kommune kan organiserast med eit kommunalområde for «oppvekst» som inneheld barnehage, grunnskular, SFO, vaksenopplæring , alternativ opplæring og PPT. Dette vert sett i samanheng med vurderinga under punkt 2, der ein ser for seg at ein kan styrke leiarkapasiteten i kommunalområdet med assisterande kommunalsjefar.

**Kommunalområde 3:** Forslaget i høyringsnotatet innebar eit nytt kommunalområde for «oppvekst – barn og unge», og det er komen mange ulike innspel på dette. Det er også mange innspel på kva kommunalområdet skal heite. Det er ulike innspel på kvar flyktningtenesta bør organiserst. Nokre meiner at det bør ligge i kommunalområde 4, og andre i område 3. Dei som arbeider med tenesta skriv at dei samarbeider godt med dei andre tenestane som er foreslått lagt til område 3.

**Prosjektleiar tilrår at** nye Ålesund kommune kan organiserast med eit kommunalområde for «barn, familie og integrering» som inneheld helsestasjonar, jordmorteneste og barselomsorg, barnevern, ressursbase og flyktning og integrering. Som det er gjort greie for under foregåande punkt, vert det vurdert at PPT og barnehagar ikkje skal vere i område 3.

**Kommunalområde 4:** Forslaget i høyringsnotatet innebar eit nytt kommunalområde for «kultur og medborgarskap», og det er kome mange ulike innspel på dette. Det er også fleire innspel på kva kommunalområdet skal heite. Det er innspel på at dette kan bli eit spennande område, og det er innspel på at det er viktig å legge vekt på å arbeide med lokale innbyggjarkontor. Ein kommunalsjef med stab kan også ha eit særskilt ansvar for å koordinere og fasilitere arbeid og saker knytt til dei politiske kommunedelutvala. Det same gjeld koordinering og samarbeid kring saker med ungdomsrådet. Dette innspelet ber vi blir vurdert i delprosjekt for politisk organisering og lokaldemokrati. Innspela på organisatorisk plassering av kulturskulen varierer, nokre meiner det kan vere saman med skule og andre meiner det høyrer saman med kultur og medborgarskap.

**Prosjektleiar tilrår at** nye Ålesund kommune skal organiserast med eit kommunalområde for «kultur og medborgarskap» som inneheld Innbyggjarkontor, bibliotek, allmenn kultur, kulturhus , frivillig arbeid/frivilligsentral, ungdomsklubb/ ungdomsarbeid/ ungdomsråd mm, idrett, anlegg og friluftsliv og nærmiljøutvikling og kulturskule.

**Kommunalområde 5:** Forslaget i høyringsnotatet innebar eit nytt kommunalområde for «samfunnsutvikling». Samstundes er det foreslått eit stabsområde for «analyse, styring og prosjekt», og det er peikt på at desse to har mange grenseflater mot kvarandre. Det er innspel på at er viktig å gi ei god organisering for funksjonen samfunnsutvikling, samt at nye Ålesund kommune bør vere ein slagkraftig aktør i forhold til samfunnsutvikling. Det er vidare gitt innspel på at området er for lite, og at det ikkje bør opprettast. Det er også gitt innspel på at fagmiljøa i framtida bør vere mest mogleg samla.

**Prosjektleiar tilrår at** nye Ålesund kommune i første omgang ikkje bør opprette eit slikt kommunalområde. I staden bør planstrategi, overordna samfunn- og arealplanlegging, næringsutvikling, byutvikling, miljø og klima organiserast i stab, og fagmiljøa for desse funksjonane bør samlast i eitt stabsområde. Prosjektleiar tilrår at dette stabsområdet får namnet "plan, samfunns- og næringsutvikling". Dette området omhandlar overordna strategisk arbeid på tvers av alle kommunalområde, og bør difor ligge som ein

stabsfunksjon. Dersom dette skulle vere eit kommunalområde, ville det blitt lite samanlikna med dei andre områda.

**Kommunalområde 6:** Fleire høyringssvar seier at forslaget ser hensiktsmessig ut, og nokre meiner at bygge- og reguleringsaker, landbruk, kart og oppmåling og forvaltning av grunnareal kan organiserast i dette område.

**Prosjektleiar tilrår at** nye Ålesund kommune blir organisert med eit kommunalområde for «tekniske tenester» som inneheld vatn, avløp, renovasjon (VAR), veg, anlegg, park (VAP), reinhaldsdrift og eigedomsdrift, kart- og geodata og oppmåling, landbruksforvaltning, byggesakshandsaming og detaljreguleringsplanar.


**Stabsområda:** Det er også kome mange høyringssvar på stabsområda. Fleire av innspela har handla om grenseoppgangane mot forslaget til kommunalområde for «samfunnsutvikling». Nokre høyringsinnspel tek til orde for å organisere fleire funksjonar som sjølvstendige avdelingar, og ikkje ein del av eit stabsområde.

**Prosjektleiar tilrår at** mange av dei funksjonane som i høyringsnotatet vart foreslått i eit kommunalområde for samfunnsutvikling i staden bør organiserast i eit stabsområde for "plan, samfunns- og næringsutvikling".


Det er kome innspel på at det bør vere fleire sjølvstendige stabsavdelingar, men mellom anna ut frå omsyn til styringsspenn er det naudsynt å samle dei fleste stabsavdelingar organisatorisk i stabsområde.

Når det gjeld stabane, vert det vurdert at rådmannen vil ha mynde til å organisere dei etter behov på ein noko friare måte enn dei store kommunalområda, og at alle detaljar såleis ikkje treng å vere klar i denne fasen av arbeidet.

### **3.2 Prosjektleiar sitt framlegg til vedtak om inndeling i stabsområde og kommunalområde for nye Ålesund kommune.**



Eit hierarkisk organisasjonskart har til hensikt å gi eit tydeleg bilete av dei formelle styringslinjene. Det som vanskelegare let seg illustrere er korleis dei ulike områda grip inn i kvarandre og krev samhandling på tvers. For å bygge ein innbyggarnær, samhandlende og innovativ organisasjon må det etablerast møteplassar, og eit leiings- og styringssystem som bidreg til ein sterk og løysingsorientert kultur som arbeider mot felles overordna mål. Kommunalområda i nye Ålesund vil ha mange felles mål og overlappende ansvarsområde. Med innbyggjarane i fokus skal vi arbeide for å utvikle ein samhandlende og løysingsorientert organisasjon.



## **Vidare følger ei oversikt over oppgåvene som vert plassert under dei ulike kommunalområda:**

### **Kommunalområde 1: Helse og omsorg**

Området blir leia av ein kommunalsjef. Det etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette kommunalområdet følgjer under. Konkret inndeling i einingar skjer i eigen prosess.

- PLO heimeteneste
- PLO institusjonsteneste/omsorgssenter
- Kommuneoverlege og miljøretta helsevern
- Legeteneste og akutt helseberedskap
- Overgrepsmottak
- Psykisk helse og rus
- Fysio- og ergoterapiteneste
- Tildelingskontor (Vil få ansvar fleire kommunalområde)

### **Kommunalområde 2: Velferd- og sysselsetting**

Området blir leia av ein kommunalsjef. Det etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette kommunalområdet følgjer under. Konkret inndeling i einingar skjer i eigen prosess.

- Butenester
- Aktivisering og sysselsettingstilbod for psykisk og fysisk funksjonshemma
- NAV
- Koordinering mot VTA-bedriftene (varig tilrettelagt arbeid) i Ålesund. Skal ikkje organiserast inn fordi dei er aksjeselskap, men må synleggjerast som ein del av arbeidstilboda for funksjonshemma.
- Hjelpemiddelformidling
- Sentralkjøkken

### **Kommunalområde 3: Opplæring**

Området blir leia av ein kommunalsjef. Det etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette kommunalområdet følgjer under. Konkret inndeling i einingar skjer i eigen prosess.

- Barnehage
- Grunnskular
- SFO
- Vaksenopplæring
- Alternativ opplæring
- PPT

### **Kommunalområde 4: Barn, familie og integrering**

Området blir leia av ein kommunalsjef. Det etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette kommunalområdet følgjer under. Konkret inndeling i einingar skjer i eigen prosess.

- Helsestasjonar, jordmorteneste og barselomsorg
- Barnevern

- Barnebustadar
- Avlastning for barn med utvida hjelpebehov
- Krisesenter
- Ressursbase
- SLT-koordinator
- Flyktning og integrering

### **Kommunalområde 5: Kultur og medborgarskap**

Området blir leia av ein kommunalsjef. Det etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette kommunalområdet følgjer under. Konkret inndeling i einingar skjer i eigen prosess.

- Innbyggartorg
- Bibliotek
- Allmenn kultur
- Kulturhus
- Nærmiljøutvikling
- Kulturminneforvaltning
- Frivillig arbeid /Frivilligsentral
- Seniorsenter
- Ungdomsklubb/ ungdomsarbeid/ ungdomsråd mm
- Idrett, anlegg og friluftsliv
- Kulturskule

For dette kommunalområdet må vi legge særleg vekt på om det er mogleg å utvikle medborgarskap og desentraliserte treffpunkt, møteplassar eller innbyggartorg. Det er naudsynt å gjere eit nærmare utgreiingsarbeid kring innhaldet i innbyggartorg, herunder om funksjonar som i dag ligg til sevicekontora kan samlast her. Portefølja for dette kommunalområdet vil kunne femne om saker som er spesielt relevante for kommunedelsutvala.

### **Kommunalområde 6: Tekniske tenester**

Området blir leia av ein kommunalsjef. Det etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette kommunalområdet følgjer under. Konkret inndeling i einingar skjer i eigen prosess.

- Vatn, avløp, renovasjon (VAR)
- Veg, anlegg, park (VAP)
- Byggesak
- Landbruksforvaltning
- Reinhaldsdrift
- Eigedomsdrift
- Kart-geodata
- Oppmåling
- Grunnerverv
- Detaljreguleringsplanar

### **Stabsområde 1: Økonomi og verksemdsstyring**

Området får ein eigen overordna leiar i tillegg til evt. underordna avdelingsleiarar med delegerte fullmakter. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette stabsområdet følgjer under. Konkret inndeling i stabseiningar skjer i eigen prosess.

- Budsjett, rekneskap, fakturering og innkrevjing
- Controllerfunksjon og verksemdsstyring
- Innkjøp
- Skatt og innkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll
- Lønn (kan plasserast i både stabsområde 1 og 2. Endeleg plassering vert avgjort i fase 2)

### **Stabsområde 2: Personal og organisasjon**

Området får ein eigen overordna leiar i tillegg til evt. underordna avdelingsleiarar med delegerte fullmakter. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette stabsområdet følgjer under. Konkret inndeling i stabseiningar skjer i eigen prosess.

- Personal (arbeidsgivar- og forhandlingsfunksjon, rekruttering, personalforvaltning, frikjøpte tillitsvalde og verneombod)
- Organisasjonsutvikling
- HMS
- BHT
- Lønn (kan plasserast i både stabsområde 1 og 2. Endeleg plassering vert avgjort i fase 2)

### **Stabsområde 3: Teknologi og digitalisering**

Området får ein eigen overordna leiar i tillegg til evt. underordna avdelingsleiarar med delegerte fullmakter. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette stabsområdet følgjer under. Konkret inndeling i stabseiningar skjer i eigen prosess.

- Strategiske utvikling og innovasjonsarbeid knytt til digitalisering
- IKT drift
- Arkiv og dokumentsenter

### **Stabsområde 4: Plan, samfunns- og næringsutvikling**

Stabsområdet får ein eigen overordna leiar i tillegg til eventuelt underordna avdelingsleiarar for stabseiningar med delegerte fullmakter. Konkret inndeling i stabseiningar skjer i eigen prosess. Forslag til portefølje av oppgåver som blir organisert i dette stabsområdet følgjer under:

- Heilskapleg styringssystem
- Strategisk planlegging ( Planstrategi, Kommuneplanlegging samfunnsdel og arealdel , inkl. større reguleringsaker)
- Byutvikling, transport, klima, miljø
- Næringsutvikling
- Internkontroll
- Beredskap
- Folkehelse

Ulike større prosjekt vil i prosjektfasen kunne bli organisert under dette stabsområdet. Målet er då at så snart eit prosjekt vert definert som ein del av den kommunale drifta, skal det flyttast over til det aktuelle kommunalområdet.

## **Andre sjølvstendige stabsavdelingar**

Faga under blir sjølvstendige stabseiningar (ikkje stabsområde med underordna avdelingar):

- Kommunikasjon, trykkeri
- Kommuneadvokat
- Politisk sekretariat

## **Fagstabar på kvart kommunalområde**

I tillegg til stabsfunksjonar direkte under rådmannen omtalt ovanfor, vil dei ulike kommunalområda ha fagstabar. Desse blir plassert med styringslinje til kommunalsjef for kvart kommunalområde.

Astrid Eidsvik  
prosjektleder

### **Vedlegg:**

25.04.2018	Høyringsvar - overordna prinsipp for administrativ organisering	1325937
25.04.2018	Referat frå drøftingsmøte 24. april 2018	1325936
30.04.2018	Innspel til referat frå drøftingsmøte 24. april 2018	1325953